



Miljøtiltak i jordbruket i Sogn og Fjordane

## Skjøtsel av særleg verdifull slåtte- og beitemark

### KVA MEINAST MED SÆRLEG VERDIFULL SLÅTTE- OG BEITEMARK?

Langvarig og regelmessig hausting ved slått og beiting og lite eller inga gjødsling og jordarbeiding har utforma spesielle vegetasjonstypar som i dag kan kallast gamle slåtte- og beitemarker. Ulike klima- og jordforhold rundt omkring i landet har i tillegg medført mange ulike uformingar med varierende artsrikdom og –sammansetning. Mange sårbare og sjeldne artar er avhengig av desse vegetasjonstypane for å overleve. Det er såleis særskilt viktig for mangfaldet av artar og naturtypar, at landbruket tek vare på slike gamle slåtte- og beitemarker.

### HAR DU EIN SÆRLEG VERDIFULL SLÅTTE- ELLER BEITEMARK?

På [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no) eller [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) kan du raskt finne ut om det er registrert ein *slåttemark* eller *naturbeitemark* på din eigedom. Det kan også eksistere gamle slåtte- og beitemarker som ikkje er registrert gjennom den kommunale kartlegginga, men som likevel er viktige for ivaretaking av biologisk mangfald. Dersom du meiner å ha eit slikt areal, bør du kontakte kommunen for å få ei nærare vurdering.



Gamal slåttemark, Nese i Lærdal (foto: Leif Hauge)

#### SMIL-tilskot (Spesielle miljøtiltak i jordbruket)

Kommunane kan løyve SMIL-midlar til restaurering av gamal kulturmark. Søknadsfristar, prioriteringar og tilskotssatsar kan variere frå kommune til kommune. Søknadsskjema er tilgjengeleg i kommunane.

#### RMP-tilskot (Regionalt miljøprogram i Sogn og Fjordane)

Føretak med produksjonstilskot kan søkje RMP-tilskot til jamleg skjøtsel av særleg verdifulle slåtte- og beitemarker. Informasjonshefte og søknadsskjema for tilskotsordningane er tilgjengeleg i kommunane.

**Alle føretak med produksjonstilskot må ha miljøplan trinn 2 for å søkje SMIL-tilskot. Dette kravet gjeld også RMP-tilskot til skjøtsel av særleg verdifulle slåtte- og beitemarker.** Du finn eigen rettleiar om miljøplan trinn 2 på [www.fylkesmannen.no/miljoprogramsf](http://www.fylkesmannen.no/miljoprogramsf).

### MEIR INFORMASJON:

- Høgskulen i Sogn og Fjordane har god kjennskap til mange av dei registrerte lokalitetane
- Lokal kunnskap om den tradisjonelle skjøtselen vil ofte vere verdifull informasjon
- På nettsida [www.fylkesmannen.no/miljoprogramsf](http://www.fylkesmannen.no/miljoprogramsf) kan du mellom anna sjå Bioforsk sitt notat om verdifulle eng- og beitemarker i Sogn og Fjordane, og hente gode råd i *Skjøtselsboka*

# GAMAL SLÅTTEMARK

## KJENNETEIK:

- Engstykke på innmark (slåtteeng) eller utmark (utslått) i langvarig hevd gjennom regelmessig slått, der gjødsling og/jordarbeiding ikkje eller i liten grad har vore praktisert
- Ofte større innslag av urter i høve til grasartar, jamnare fordeling av artane og større artsmangfald enn i beitemark under like forhold
- Slåttemarka er vanlegvis mindre steinete enn beitemarka
- Vanlegvis færre ettårige artar enn det ein finn i beitemarka
- Ofte færre artar som beitedyr unngår, som til dømes einer, nyperose, tistel og tyrihjelme
- Ofte kulturhistoriske spor som til dømes høyløer og gjerde
- Slåttemark kan også identifiserast på bakgrunn av lokal namnsetting; tidleg Økonomisk Kartverk, lokal kunnskap og historisk kjeldemateriale kan vere til hjelp i dette



Gamal slåttemark, Ormelid i Luster (foto: Truls H. Folkestad)

## GENERELLE RETNINGSLINER FOR SKJØTSEL:

- For å oppretthalde artsinnhaldet, er det viktig å følge opp den tradisjonelle skjøtselen
- Helst ikkje erstatt slått med beiting
- Tilpass slåttetidspunktet til etter frøsetting
- Bakketørk høyet nokre dagar og fjern høyet etterpå
- Ikkje bruk tunge maskiner og "slitande" reiskap, men gjerne tohjulstraktor
- Helst følg opp tidlegare vår- og haustbeiting
- Ikkje bruk gjødsel på tidlegare ugjødsle eng
- Ikkje auk gjødselmengda på tidlegare svakt gjødsle enger og bruk same type gjødsel som før
- Bruk oske framfor kalk dersom pH-verdien blir for låg

# GAMAL BEITEMARK

## KJENNETEIKN:

- Beitemark i langvarig hevd utan nemnande gjødsling eller jordarbeiding
- Ligg ofte i overgangen mellom innmark og utmark
- Open naturtype der feltsjiktet er tett og dominert av beitetolerante grasartar, gjerne med eit glissent busksjikt av einer.
- I ytre kyststrøk finn ein ofte naturbeitemark på øyer og holmar, med ein glidande overgang til kystlynghei
- Førekost av beitemarksopp er ein god indikator på verdifull, ugjødsla naturbeitemark



Naturbeitemark, Askrova i Flora (foto: Truls H. Folkestad)

## GENERELLE RETNINGSLINER FOR SKJØTSEL:

- Helst følg det tradisjonelle driftsopplegget
- Ver merksam på at ulike husdyr beitar ulikt, praktiser gjerne samarbeite
- Tilpass beitetrykket til bereevna i området og føremålet med skjøtselen
- Ta vare på den varierte strukturen til beitemarka
- Vanlegvis er tidleg beiteslepp gunstig
- Unngå gjødsling av tidlegare ugjødsla areal
- Rydd og fjern uønska vegetasjon dersom beiting ikkje er nok

## BEITEMARKSOPP:

I naturbeitemark er i førekost av beitemarksopp gode indikatorar på verdifulle, ugjødsla lokalitetar. Dette er soppartar som tilhøyrer gruppene vokssopp, finger- og køllesopp, jordtunger og raudskivesopp. Gruppene har svært mange artar, og ein stor del av desse er raudlista og utryddingstruga. Svært mange av artane har liten toleranse for kunstgjødsel. Det krev ofte fagekspertise for å avgjerde kva art ein beitemarkssopp tilhøyrer. Men som regel kan ein på ein enkel måte sjå om soppen er ein vokssopp, jordtunge, finger- eller køllesopp.

Mange av vokssoppene har sterke og klare farger, og har tjukke voksaktige skiver, mens jordtunger, finger- og køllesopper har svært karakteristiske og lett gjenkjennelege (men små!) fruktleamar. Ein stor førekost av beitemarksopp i eit beite gjer at lokaliteten vil måtte klassifiserast som verdifull, artsrik naturbeitemark. Dei fleste av desse soppartane kjem utover hausten, gjerne ikkje før i oktober.



Vokssopp, Askrova i Flora (foto: Truls H. Folkestad)